

Evaluering av BIODID220/220P 2017/18

Emnene ble gjennomført for første gang etter innføringen av ny programplan for lektorutdanningen og ny rammeplan for PPU. Endringene medfører en økning i omfang av biologididaktikken, og at undervisningen nå går over to semestre. Derfor innebærer endringene mer enn en justering fra tidligere emner i biologididaktikk. Et hovedmål fra min side med omleggingen er å redusere omfanget av forelesninger og øke omfanget av studentaktiv undervisning.

Totalt var det 19 studenter som fulgte kurset, 13 fra lektorprogrammet og 6 fra PPU.

Min egen vurdering av undervisningen er i hovedsak positiv. Frammøtet fra studentene har vært godt, selv om det meste ikke har vært obligatorisk. Studentene har vært aktive og deltakende. Jeg ser at det er elementer i undervisningen som har et forbedringspotensial, og at noe av strukturen i emnet kan justeres. Det vil bli gjort til neste runde.

Siden emnet er nytt, var det viktig å få studentenes respons. Derfor utarbeidet jeg et elektronisk spørreskjema som studentene fikk mot slutten av undervisningen. Av 19 studenter, har 13 svart (9 lektor og 4 PPU). Svarene indikerer en noe blandet oppfatning fra studentene. På spørsmål om den generelle vurderingen av emnet, svarer 5 at den er god, 2 middels, 3 dårlig og 2 svært dårlig. På spørsmål om læringsutbyttet av undervisningen, svarer 7 at de har hatt godt utbytte, 4 at de har hatt dårlig utbytte og 2 at de har hatt svært dårlig utbytte. På relevansen i forhold til praksis svarer 4 at den er god, 5 at den er middels, 3 at den er dårlig og 1 at den er svært dårlig. Når en går inn på svarene fra enkeltstudenter, ser en at noen studenter gjennomgående gir en kritisk tilbakemelding, mens andre i hovedsak er positive. Kommentarer fra negative studenter er skjev arbeidsfordeling, uklare arbeidskrav og for mye av undervisningen som er lagt over på studentene. Spesielt kommenteres at deres essay ble vurdert av medstudenter og ikke av fagansvarlig.

Enkelte av studentenes kritikk går paradoksalt på det som var et hovedmål: mer studentaktiv undervisning. Aktivitet fra studentene anser jeg som viktig, så dette vil bli videreført og videreutviklet. Imidlertid ser jeg en ting som bør endres, at de også får en vurdering av skriftlig arbeid fra meg. Dette med skjev arbeidsfordeling kan også rettes opp i. Uklare krav og forventninger tror jeg henger sammen med at aktivitetene ble gjennomført for første gang, og at det blir bedre neste gang.

Totalt sett mener jeg at emnet er en forbedring fra tidligere emner, men at studentene har rett i at det kan gjøres endringer. Resultatet i form av eksamen (muntlig) viste at studentene i høy grad oppfyller de mål som ble satt.

Bergen, 07.06.18

Tom Klepaker

Emneansvarlig

Emnerapport (hausten 2018)

DIDANOR1/DIDANORAN1

Faglærer si vurdering av gjennomføring

Studentane har fått 11 dobbeløkter og 2 fellesøkter saman med dei andre språkfaga på HF.

Strykprosent og fråfall: Det var i alt 17 studentar på dette kullet, 13 på DIDANOR1 og fire på DIDANORAN1. Den eine studenten var dobbelstudent ved at han tok både DIDANOR1 og DIDANORAN1 som fag. Alle fullførte. I tillegg tok ein tidlegare DIDANORAN1-student opp att eksamen, slik at det i alt vart 13 semesteroppgåver på DIDANOR1 og fem på DIDANORAN1.

Karakterfordeling: Karakterfordelinga på DIDANOR1 var D: 2, C:5, og B: 6

På DIDANORAN1 vart det A: 1, B: 1 og C: 3.

Informasjon om studiet har studentane fått via Mi Side og stundom via e-post i tillegg til munnleg på forelesingane.

Studentane på DIDANOR1 og DIDANORAN1 har hatt ulike litteraturlister. Dei har måtta kjøpa bøker der meir enn 15 % av boka er brukt, men elles har dei fått tilgang til tilrådd litteratur i form av artiklar i Litteraturkiosken. DIDANOR1 har hatt ein del litteratur felles med dei andre språkfaga, men DIDANORAN1 har ikkje hatt dette fellespensumet. Det bør endrast til neste haust slik at dei også les litteraturen på fellespensum.

Faglærer si vurdering av rammevilkåra

Undervisninga har stort sett føregått i aud. E på Sydneshaugen skole. Det har vore eit litt for stort lokale og også eit til tider nokså upraktisk rom når studentane skulle jobba i grupper av di stolrekkjene ikkje kan flyttast. Det har i alt vore tre faglærarar inne på kurset, men i nokre av øktene har også tilleggsressursen vår, undervisningslektor frå ungdomsskulen, delteke saman med ein av faglærarne. I tillegg har studentane møtt ein annan fagperson som har førelese på den eine av to fellesøkter.

Faglærer sin kommentar til student-evalueringan(e)

Studentane fekk utdelt evalueringsskjema på den siste forelesinga, der 10 av 17 studentar var til stades. Fire studentar har gått på DIDANORAN1, men undervisninga har vore mest tilrettelagd for DIDANOR1. Likevel har DIDANORAN1-studentane hatt to dobbeltimar med kollokvie saman med emneansvarleg der me har snakka saman på bakgrunn av pensumtekstar. I forkant av desse øktene har faglærer ei veke før samlinga laga og sendt ut ein del spørsmål som kunne diskuteras. Desse spørsmåla er laga ut frå den tilrådde litteraturlista. Oppmøtet til desse kollokvieøktene har vore 100 %. Studentane på DIDANORAN1 har også fått eit ekstra undervisningstilbod om å hospitera i timar hjå faglærarar på norskkursa. Det har vore mest aktuelt i den første delen av semesteret før

praksisperioden. Disse tiltaka vert også positivt framheva i evalueringa. Likevel etterlyser dei at dei også kan få delta på nokre av dei framandspråkdidaktiske timane der det kan vera aktuelt.

Frammøte: Sju av studentane svarar at dei har følgd 100% av undervisninga, medan dei tre andre svarar 75% eller litt meir. Oppmøtet har vore gjennomgåande godt.

Om melding ved fråver: Seks studentar synest det er bra at dei må melda frå når dei ikkje kan møte til undervisninga, for to spelar det inga rolle, medan to er negative.

Undervisninga: Ein student er svært nøgd med undervisninga, to er verken nøgd eller misnøgd, ein er misnøgd, medan seks svarar at dei er nógde.

Når dei vert bedne om å utdjupa noko dei er spesielt nógde med, seier dei mellom anna:

- At noko av undervisninga er i seminarform der dei får vera aktive deltakarar
- At det er fokusert ein del på praktiske døme, eksempel og tips som kan gjerast i klasserommet
- Konkretisering og utprøving av teorien
- Rom for diskusjonar, stasjonar og gruppearbeid
- Veksling mellom forelesingar og konkrete eksempel
- Vurdering av elevtekstar
- Erfaringsdeling
- Fellesforelesingane om skriving og lesing var lærerike (også for DIDANORAN)

Når dei vert spurde om kva som kan gjerast betre, seier dei mellom anna:

- Meir relevant undervisning for DIDANORAN1 og undervisning av minoritetsspråklege elevar, særleg med tanke på elevar med behov for grunnleggjande norsk.
- Meir informasjon om kva som er forventa i mappeoppgåva
- Meir opplæring i vurdering av ulike elevtekstar
- Meir praksisnært med forslag til opplegg og korleis leggja opp timar
- Endå fleire praktiske tips
- Nokre forelesingar blir for teoretisk-akademiske (kritiserer klassiske forelesingar) og etterlyser fleire koplingar til lærargjeringa i klasserommet, demonstrasjon og involvering
- Meir seminar og fleire øvingar
- Meir elevaktivitet

Organisering og informasjon: Fire studentar er svært nógde med organisering og informasjon om undervisninga, to er verken nógde eller misnógde, og fire er nógde.

Omfang av pensum: Åtte av studentane svarar at omfanget av pensum er passe, medan to meiner det er for stort.

Vanskegrad av pensum: Alle svarar at vanskegraden på pensum er passe.

Samanheng med andre emne i PPU-løpet: Seks av studentane seier at dei synest samanhengen mellom dette emnet og andre PPU-emne, er ganske god, tre endåtil at han er svært god.

Ein student skriv at DIDAHUM og den felles skriveførelesinga kunne ha vore betre samkøyrd, for det vart dobbel dose, medan ein annan student med denne koplinga understrekar at det er ein spesielt god samanheng med DIDAHUM som handlar om skriving og skriverettleiing.

Det vert framheva som positivt at det blir trekt fram emne frå pedagogikken. Ein annan student skriv at PED101 har vore meir praktisk retta slik at det har vore greitt med litt teori på dette kurset sjølv om han etterlyser endå fleire praktiske tips til læraryrket og meir eksemplifisering av læreplanen.

Ein student som har to språkfag, skriv at han merkar at det er ein tydeleg samanheng mellom desse didaktikkemna og har også lagt merke til at eksamensoppgåvene er identiske.

Kommentarar til arbeidsprosessen med semesteroppgåva:

Studentane har som arbeidskrav dette semesteret ei rettleidd semesteroppgåve som er sett saman av to mappetekstar. Den eine teksten har obligatorisk rettleiing. Måten me har løyst det på, er at studentane har fått tildelt 25 min munnleg (og eventuelt skriftleg) rettleiing hjå ein av faglærarane på eit førsteutkast til den eine av desse to oppgåvene. Presisering av omfang og framgangsmåte på oppgåvene har vore tilgjengelege som eit eige dokument i fillageret.

Det vert sagt at det er flott med rettleiing før levering slik at dei får snakka om korleis dei skal gå fram vidare. Ein student skriv at dei gjerne så tidleg som råd vil ha klarheit i kva ei «språkdidaktisk problemstilling» er. Ein annan student etterlyser endå fleire tilbakemeldingar på utkast t.d. på ide/problemstillingar. Det vert også sagt at der er litt uklart i oppgåveskildringa om dei to oppgåvene skal hanga saman eller ikkje. Samkoordinering av innleveringsfrist med dei andre didaktikkemna vert også etterlyst slik at ein unngår at alt skal inn på same tid. Spesifikt vert det bede om at den første innleveringa ikkje bør koma før ei veke etter praksisperioden. Dei etterlyser også fleire døme på oppgåver i forkant og at det kjem tidleg slik at dei får idear til kva dei kan sjå etter i praksis.

Andre kommentarar:

Eit par studentar skriv at dei synest dette kurset har vore lærerikt. Ein student understrekar også at dei har hatt mange gode og lærerike forelesingar.

Det vert etterlyst litt meir fokus på andrespråksperspektivet.

Den studenten som er litt misnøgd med undervisninga i emnet, skriv at han ønskjer at nokre forelesarar større grad skal involvera studentane og praksisfeltet.

Faglærer si samla vurdering, inkl. forslag til forbetringstiltak:

Eksamensresultata syner at studentane samla sett har klart eg bra gjennom dette semesteret, og evalueringa frå studentane til både undervisning, organisering og pensum må seiast å vera gode. Vekslinga mellom forelesing og seminar som ein del av undervisninga, ser stort sett ut

til å ha fungert etter intensjonen. Undervisningsressursen vår frå ungdomsskulen vil i neste semester tilby studentane ei eller fleire økter der dei kan demonstrera og diskutera undervisningsopplegg knytt til ulike norskfaglege emne. Dette vil vera eit ekstratilbod til studentane på ettermiddagstid og vera knytt til «Lektors kontor».

Det ser ut til at studentane i stor grad ser samanheng mellom dette emnet og dei andre PPU-emna.

Emneplanane vart endra hausten 2017, og me har både når det gjeld pensum og emne, stort sett halde oss til det same opplegget som i 2017. Nytt frå i haust er den ekstra ressursen me har hatt i form av ein undervisningslektor frå ungdomsskulen som har vore med på nokre av undervisningsøktene. Då har me i stor grad lagt opp til seminar der studentane har fått konkrete tips og røynsler med undervisningsopplegg. Dette har fungert godt og er noko studentane også har sett pris på.

Det ser ut til at den tilrådde litteraturen og dei ulike emna me har undervist i også har fungert nokså godt i år. Undervisningsverkstaden har ikkje vore med i år, men røynslene våre med å ha det har vore gode og sidan det berre er engelsk av dei andre språkfaga som har gått vekk frå dette, vil me frå hausten 2019 ha undervisningsverkstad inn att som obligatorisk aktivitet. Me vil utpå våren ha eit møte med dei andre didaktikkfaga i språk for å justera fellespensum for hausten 2020.

DIDANORAN-studentane vil også i vårsemesteret få tilbod om to eigen kollokvium ut frå deira pensum, og at dei kan få ekstra praksis på norskkursa. I tillegg vil dei også få tilbod om å kunna gå på relevante undervisningsøktar hjå dei andre språkfaga der det kan vera relevant i høve til t.d. grunnleggjande språkopplæring som elles er lite vektlagt på DIDANOR.

Ragnhild Lie Anderson

Emneansvarleg hausten 2018

Emnerapport (vår 2018)

Emnekode og namn: DIDANOR2/DIDANORAN2

Faglærer si vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring: Det har vore halde 11 dobbelforelesingar fordelt på 3 lærarar og i tillegg 1 fellesforelesing med oppfølgjande gruppearbeid saman med dei andre PPU-studentane på andre språkfag.

Det har vore i alt 20 studentar; 17 på DIDANOR2 og 4 student på DIDANORAN2. Den eine studenten på DIDANOR2 hadde også DIDANORAN2. Med fire studentar på DIDANORAN2 er det det største kullet me har hatt. Ut frå retningslinjer i emneplanen er dei likevel for fåe (under fem) til at dei har krav på eiga undervisning i kurset. Dei har utanom fellespensumet hatt eige pensum og fått tilbod om to doble kollokvietimar med faglærer. Det har då blitt laga spørsmål til delar av pensum ei veke på førehand, og i kollokvieøkta har ein diskutert desse. I den eine økta fekk også studentane ansvar for å leggja fram éin artikkel kvar.

Strykprosent og fråfall: 0

Karakterfordeling: Ni studentar valde munnleg eksamen med denne karakterfordelinga før eventuell klagesensur: 2 A, 5 B, 2C

Elleve studentar valde rettleidd semesteroppgåve med denne karakterfordelinga før eventuell klagesensur: 1A, 5B, 4C og 1D

Studieinformasjon: Studentane har fått tilgang til studiet via Mitt UiB og på e-post.

Tilgang til relevant litteratur: Mykje av litteraturen har vore tilgjengeleg i Litteraturkiosken via Mitt UiB og elles i form av bøker som har vore tinga inn på Akademika. Etter kvar undervisningsøkt har faglærarar lagt ut presentasjonar og anna i fillageret.

Faglærer si vurdering av rammevilkåra

Lokale og undervisningsutstyr: Undervisningsstadene har stort sett vore på Sydnesplassen 12 – 13 og førelesingane har ofte starta kl. 8.15. Det har stort sett gått greitt.

Faglærer sin kommentar til student-evalueringa(ne)

Metode/gjennomføring: Studentane som var på forelesing den siste undervisningsøkta, fekk utdelt eit evalueringsskjema på papir. Det kom då inn i alt 7 skjema. Etter praksisperioden har ein merka at studentane har hatt mykje å gjera, og det har vore ein del fråfall til undervisninga.

Det første spørsmålet gjekk på i kva grad dei er generelt nøgde med undervisninga i dette emnet. Her skulle studentane kryssa av på alternativa: Svært nøgd, nøgd, verken nøgd eller misnøgd og misnøgd. Svara fordeler seg langs heile skalaen. Noko av dette skuldast også at studentane ikkje alltid har kryssa klart og tydeleg frå berre ein stad. Ein student er t.d. både svært nøgd og misnøgd, ein annan er etter eige utsegn «nesten» nøgd, og ein student er nøgd med DIDANOR2, men ikkje med DIDANORAN2. Sidan studentane ikkje har fått

undervisning spesielt retta mot DIDANORAN2-pensumet, er det ei nokså forståeleg innvending.

Det vert vidare spurt om i kva grad dei er nøgde med den vekta dei ulike emna har fått i undervisninga. Her svarar 1 student at han er svært nøgd, 2 at dei er nøgde og tre at dei er verken nøgde eller misnøgde, men der to av dei likevel har understreka at dei er litt misnøgde med noko. Ein student har ikkje svara på spørsmålet.

Det interessante i ei slik evaluering er såleis den kvalitative utdjupinga der studentane gjer nærare greie for kva dei er nøgde og misnøgde med. Det studentane dreg fram som positivt, er:

- Evaluering av elevtekstar
- Litteraturredidaktikk
- Undervisning om nynorsk
- Munnlegheit og litterære samtalar
- Utprøving av undervisningsopplegg som dei sjølve kan bruka i klasserommet
- Gode forelesingar med gode diskusjonar med medstudentar
- Timar som inneheld noko konkret og matnyttig og lett kan relaterast til praksis

Det dei meiner kan forbehold:

- Meir praktisk, t.d. case-samtale/diskusjon i klasserommet, eks. «Du er lærar og har fått romantikken til tema. Kva vil du fokusera på?»
- Meir rom for diskusjon med medstudentar
- Mindre gjennomgang av pensum, meir korleis dette stoffet kjem til syne i praksis
- Fleire timar om skriftleg og vurdering
- Tydelegare undervisning som viser relevans, gjerne meir mot metode

Det kom også eit innspel som meir må sjåast i samanheng med organisering, for ein student vil at undervisninga skal bli ferdig med forelesingane tidlegare i semesteret og ikkje begynna så tidleg som kl. 8.15. Dessutan vert det kritisert at mappelinleveringsfristen vart endra etter at semesteret var begynt. Ein student skriv også at dei må få frist til å levera inn oppgåva si 1 – 2 veker etter praksis for å få laga eit betre utkast.

Når me spør dei om kva dei synest om kvaliteten på pensum, verkar studentane å vera nøgde med kvaliteten, og kanskje spesielt med den teoretiske biten av det. Dei framhevar også at det er variert, og at det er positivt at pensum stort sett er frå etter 2010 og dermed er oppdatert. Det vert etterlyst litt meir om undervisning på nynorsk. Eit par studentar dreg likevel også under pensum fram at dei saknar meir praktiske og konkrete tips. Seks av dei sju studentane seier at dei synest omfanget av pensum er passe. Den sjuande har kryssa av både på passe og for stort.

Til slutt kunne dei få skriva fritt om andre kommentarar til emnet. Då kjem det fram ein del varierte synspunkt:

- Misnøye med at det ikkje har vore noka undervisning på DIDANORAN2 og synest at nokon forelesingar kunne ha vore basert på deira pensum
- Hevdar at studentar vel vekk forelesingar der det stort sett berre er pensumgjennomgang

- Etterlyser konkrete verktøy til bruk i klasserommet, og at avstanden mellom teori og praksis er for stor – etterlyser små obligatoriske oppgaver gjennom semesteret som er basert på konkrete situasjonar ein møter i klasserommet i staden for mappeoppgåvene – synest at mappeoppgåvene tek for mykje kapasitet og fokuserer rundt ein veldig liten del av pensum – ønskjer heller skriftleg eksamen med relevans til kollokvieoppgåver.
- Misnøye med at oppgåvene kjem så seint i semesteret og liker ikkje at ein krev ei skriftleg mappe i forkant av munnleg
- Vil at meir av det ein foreles om skal testast ut på studentane, og at dei etterpå kan ha ein metasamtale om det
- Ber oss om å lytta til tilbakemeldingar frå studentane
- Sterkare samanknytning til praksis og det konkrete
- Ein student seier at norskdidaktikk-emnet har vorre det beste samanlikna både med det andre faget dei har og med ped.
- Synest av og til undervisninga vert tåkete og etterlyser meir fokus på sjølve undervisninga dei sjølve skal ut å driva med.

Oppsummering av innspel: Alt i alt ser det ut til at studentane evaluerer kurset slik midt på treet. Det er ingen alvorlege eller store ting som bør rettast opp. Det er likevel heile tida rom for justeringar og oppdatering både av pensum og av undervisninga som vert gjeven. Faglærarar gjer klokt i heile tida å ha i undermedvitet korleis dei ulike emna og teoriene kan relaterast og jobbast med i praksisfeltet.

Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:

Undervisningskabalen vert lagd av Psykologisk fakultet, og sidan dei har mange fagdidaktiske kurs å koordinera, må nokre undervisningsøktene bli fordelte i tidsrommet 08.15 – 16, dvs. også bli lagde til det som studentane kan oppleve som ugunstige tidspunkt, t.d. frå kl. 08.15 – 10. Det kan likevel gjerne vera ein fordel å få lagt flest moglege undervisningsøktar til tida før den lange praksisperioden. Både fordi ein då får diskutert fleire undervisningsemne før dei sjølve skal ut, men også fordi dei då får betre tid til å gjera unna arbeidskrav og eksamensførebuingar i tida etter praksis. Det er både fordelar og ulemper med å ha fleire forelesarar på same kurs. Fordelane er blant anna at det vert større variasjon, og at ulike forelesarar har ulik fagleg bakgrunn og såleis vektlegg ulike sider av faget forskjellig. Ulempene kan vera at det vert meir uoversiktleg for studentane, og at det kan verta vanskelegare for dei å sjå den raude tråden i studiet. Det sterkaste argumentet for er likevel at me prøver å setja saman eit kurs der både undervisarar med språkleg- og litterær- tilnærming til norskfaget er inne. Verken pensum eller undervisning må nokon sinne bli ei kvilepute. Me må sørgja for å halda oss oppdaterte på det som er aktuelt i faget både teoretisk og metodisk. Pensum vert difor regelmessig oppdatert. Komande studieår har me i tillegg til den faste staben også fått ei 20 % stilling av ein norsklærar frå ein ungdomsskule i kommunen. Dette vil vera ein viktig ressurs som me vil at både me og studentane skal få god nytte av, og som me vonar vil vera med å gjera koplinga mellom teori og praksis endå tydelegare for studentane.

Ragnhild Lie Anderson

-emneansvarleg

Emnerapport (hausten 2018)

DIDANOR1/DIDANORAN1

Faglærer si vurdering av gjennomføring

Studentane har fått 11 dobbeløkter og 2 fellesøkter saman med dei andre språkfaga på HF.

Strykprosent og fråfall: Det var i alt 17 studentar på dette kullet, 13 på DIDANOR1 og fire på DIDANORAN1. Den eine studenten var dobbelstudent ved at han tok både DIDANOR1 og DIDANORAN1 som fag. Alle fullførte. I tillegg tok ein tidlegare DIDANORAN1-student opp att eksamen, slik at det i alt vart 13 semesteroppgåver på DIDANOR1 og fem på DIDANORAN1.

Karakterfordeling: Karakterfordelinga på DIDANOR1 var D: 2, C:5, og B: 6

På DIDANORAN1 vart det A: 1, B: 1 og C: 3.

Informasjon om studiet har studentane fått via Mi Side og stundom via e-post i tillegg til munnleg på forelesingane.

Studentane på DIDANOR1 og DIDANORAN1 har hatt ulike litteraturlister. Dei har måtta kjøpa bøker der meir enn 15 % av boka er brukt, men elles har dei fått tilgang til tilrådd litteratur i form av artiklar i Litteraturkiosken. DIDANOR1 har hatt ein del litteratur felles med dei andre språkfaga, men DIDANORAN1 har ikkje hatt dette fellespensumet. Det bør endrast til neste haust slik at dei også les litteraturen på fellespensum.

Faglærer si vurdering av rammevilkåra

Undervisninga har stort sett føregått i aud. E på Sydneshaugen skole. Det har vore eit litt for stort lokale og også eit til tider nokså upraktisk rom når studentane skulle jobba i grupper av di stolrekkjene ikkje kan flyttast. Det har i alt vore tre faglærarar inne på kurset, men i nokre av øktene har også tilleggssressursen vår, undervisningslektor frå ungdomsskulen, delteke saman med ein av faglærarne. I tillegg har studentane møtt ein annan fagperson som har førelese på den eine av to fellesøkter.

Faglærer sin kommentar til student-evalueringan(e)

Studentane fekk utdelt evalueringsskjema på den siste forelesinga, der 10 av 17 studentar var til stades. Fire studentar har gått på DIDANORAN1, men undervisninga har vore mest tilrettelagd for DIDANOR1. Likevel har DIDANORAN1-studentane hatt to dobbeltimar med kollokvie saman med emneansvarleg der me har snakka saman på bakgrunn av pensumtekstar. I forkant av desse øktene har faglærer ei veke før samlinga laga og sendt ut ein del spørsmål som kunne diskuteras. Desse spørsmåla er laga ut frå den tilrådde litteraturlista. Oppmøtet til desse kollokvieøktene har vore 100 %. Studentane på DIDANORAN1 har også fått eit ekstra undervisningstilbod om å hospitera i timar hjå faglærarar på norskkursa. Det har vore mest aktuelt i den første delen av semesteret før

praksisperioden. Disse tiltaka vert også positivt framheva i evalueringa. Likevel etterlyser dei at dei også kan få delta på nokre av dei framandspråkdidaktiske timane der det kan vera aktuelt.

Frammøte: Sju av studentane svarar at dei har følgd 100% av undervisninga, medan dei tre andre svarar 75% eller litt meir. Oppmøtet har vore gjennomgåande godt.

Om melding ved fråver: Seks studentar synest det er bra at dei må melda frå når dei ikkje kan møte til undervisninga, for to spelar det inga rolle, medan to er negative.

Undervisninga: Ein student er svært nøgd med undervisninga, to er verken nøgd eller misnøgd, ein er misnøgd, medan seks svarar at dei er nøgde.

Når dei vert bedne om å utdjupa noko dei er spesielt nøgde med, seier dei mellom anna:

- At noko av undervisninga er i seminarform der dei får vera aktive deltakarar
- At det er fokusert ein del på praktiske døme, eksempel og tips som kan gjerast i klasserommet
- Konkretisering og utprøving av teorien
- Rom for diskusjonar, stasjonar og gruppearbeid
- Veksling mellom forelesingar og konkrete eksempel
- Vurdering av elevtekstar
- Erfaringsdeling
- Fellesforelesingane om skriving og lesing var lærerike (også for DIDANORAN)

Når dei vert spurde om kva som kan gjerast betre, seier dei mellom anna:

- Meir relevant undervisning for DIDANORAN1 og undervisning av minoritetsspråklege elevar, særleg med tanke på elevar med behov for grunnleggjande norsk.
- Meir informasjon om kva som er forventa i mappeoppgåva
- Meir opplæring i vurdering av ulike elevtekstar
- Meir praksisnært med forslag til opplegg og korleis leggja opp timar
- Endå fleire praktiske tips
- Nokre forelesingar blir for teoretisk-akademiske (kritiserer klassiske forelesingar) og etterlyser fleire koplingar til lærargjeringa i klasserommet, demonstrasjon og involvering
- Meir seminar og fleire øvingar
- Meir elevaktivitet

Organisering og informasjon: Fire studentar er svært nøgde med organisering og informasjon om undervisninga, to er verken nøgde eller misnøgde, og fire er nøgde.

Omfang av pensum: Åtte av studentane svarar at omfanget av pensum er passe, medan to meiner det er for stort.

Vanskegrad av pensum: Alle svarar at vanskegraden på pensum er passe.

Samanheng med andre emne i PPU-løpet: Seks av studentane seier at dei synest samanhengen mellom dette emnet og andre PPU-emne, er ganske god, tre endåtil at han er svært god.

Ein student skriv at DIDAHUM og den felles skriveførelesinga kunne ha vore betre samkøyrd, for det vart dobbel dose, medan ein annan student med denne koplinga understrekar at det er ein spesielt god samanheng med DIDAHUM som handlar om skriving og skriverettleiing.

Det vert framheva som positivt at det blir trekt fram emne frå pedagogikken. Ein annan student skriv at PED101 har vore meir praktisk retta slik at det har vore greitt med litt teori på dette kurset sjølv om han etterlyser endå fleire praktiske tips til læraryrket og meir eksemplifisering av læreplanen.

Ein student som har to språkfag, skriv at han merkar at det er ein tydeleg samanheng mellom desse didaktikkemna og har også lagt merke til at eksamensoppgåvene er identiske.

Kommentarar til arbeidsprosessen med semesteroppgåva:

Studentane har som arbeidskrav dette semesteret ei rettleidd semesteroppgåve som er sett saman av to mappetekstar. Den eine teksten har obligatorisk rettleiing. Måten me har løyst det på, er at studentane har fått tildelt 25 min munnleg (og eventuelt skriftleg) rettleiing hjå ein av faglærarane på eit førsteutkast til den eine av desse to oppgåvene. Presisering av omfang og framgangsmåte på oppgåvene har vore tilgjengelege som eit eige dokument i fillageret.

Det vert sagt at det er flott med rettleiing før levering slik at dei får snakka om korleis dei skal gå fram vidare. Ein student skriv at dei gjerne så tidleg som råd vil ha klarheit i kva ei «språkdidaktisk problemstilling» er. Ein annan student etterlyser endå fleire tilbakemeldingar på utkast t.d. på ide/problemstillingar. Det vert også sagt at der er litt uklart i oppgåveskildringa om dei to oppgåvene skal hanga saman eller ikkje. Samkoordinering av innleveringsfrist med dei andre didaktikkemna vert også etterlyst slik at ein unngår at alt skal inn på same tid. Spesifikt vert det bede om at den første innleveringa ikkje bør koma før ei veke etter praksisperioden. Dei etterlyser også fleire døme på oppgåver i forkant og at det kjem tidleg slik at dei får idear til kva dei kan sjå etter i praksis.

Andre kommentarar:

Eit par studentar skriv at dei synest dette kurset har vore lærerikt. Ein student understrekar også at dei har hatt mange gode og lærerike forelesingar.

Det vert etterlyst litt meir fokus på andrespråksperspektivet.

Den studenten som er litt misnøgd med undervisninga i emnet, skriv at han ønskjer at nokre forelesarar større grad skal involvera studentane og praksisfeltet.

Faglærer si samla vurdering, inkl. forslag til forbetringstiltak:

Eksamensresultata syner at studentane samla sett har klart eg bra gjennom dette semesteret, og evalueringa frå studentane til både undervisning, organisering og pensum må seiast å vera gode. Vekslinga mellom forelesing og seminar som ein del av undervisninga, ser stort sett ut

til å ha fungert etter intensjonen. Undervisningsressursen vår frå ungdomsskulen vil i neste semester tilby studentane ei eller fleire økter der dei kan demonstrera og diskutera undervisningsopplegg knytt til ulike norskfaglege emne. Dette vil vera eit ekstratilbod til studentane på ettermiddagstid og vera knytt til «Lektors kontor».

Det ser ut til at studentane i stor grad ser samanheng mellom dette emnet og dei andre PPU-emna.

Emneplanane vart endra hausten 2017, og me har både når det gjeld pensum og emne, stort sett halde oss til det same opplegget som i 2017. Nytt frå i haust er den ekstra ressursen me har hatt i form av ein undervisningslektor frå ungdomsskulen som har vore med på nokre av undervisningsøktene. Då har me i stor grad lagt opp til seminar der studentane har fått konkrete tips og røynsler med undervisningsopplegg. Dette har fungert godt og er noko studentane også har sett pris på.

Det ser ut til at den tilrådde litteraturen og dei ulike emna me har undervist i også har fungert nokså godt i år. Undervisningsverkstaden har ikkje vore med i år, men røynslene våre med å ha det har vore gode og sidan det berre er engelsk av dei andre språkfaga som har gått vekk frå dette, vil me frå hausten 2019 ha undervisningsverkstad inn att som obligatorisk aktivitet. Me vil utpå våren ha eit møte med dei andre didaktikkfaga i språk for å justera fellespensum for hausten 2020.

DIDANORAN-studentane vil også i vårsemesteret få tilbod om to eigen kollokvium ut frå deira pensum, og at dei kan få ekstra praksis på norskkursa. I tillegg vil dei også få tilbod om å kunna gå på relevante undervisningsøktar hjå dei andre språkfaga der det kan vera relevant i høve til t.d. grunnleggjande språkopplæring som elles er lite vektlagt på DIDANOR.

Ragnhild Lie Anderson

Emneansvarleg hausten 2018

Emnerapport (vår 2018)

Emnekode og namn: DIDANOR2/DIDANORAN2

Faglærer si vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring: Det har vore halde 11 dobbelforelesingar fordelt på 3 lærarar og i tillegg 1 fellesforelesing med oppfølgjande gruppearbeid saman med dei andre PPU-studentane på andre språkfag.

Det har vore i alt 20 studentar; 17 på DIDANOR2 og 4 student på DIDANORAN2. Den eine studenten på DIDANOR2 hadde også DIDANORAN2. Med fire studentar på DIDANORAN2 er det det største kullet me har hatt. Ut frå retningslinjer i emneplanen er dei likevel for fåe (under fem) til at dei har krav på eiga undervisning i kurset. Dei har utanom fellespensummet hatt eige pensum og fått tilbod om to doble kollokvietimar med faglærer. Det har då blitt laga spørsmål til delar av pensum ei veke på førehand, og i kollokvieøkta har ein diskutert desse. I den eine økta fekk også studentane ansvar for å leggja fram éin artikkel kvar.

Strykprosent og fråfall: 0

Karakterfordeling: Ni studentar valde munnleg eksamen med denne karakterfordelinga før eventuell klagesensur: 2 A, 5 B, 2C

Elleve studentar valde rettleidd semesteroppgåve med denne karakterfordelinga før eventuell klagesensur: 1A, 5B, 4C og 1D

Studieinformasjon: Studentane har fått tilgang til studiet via Mitt UiB og på e-post.

Tilgang til relevant litteratur: Mykje av litteraturen har vore tilgjengeleg i Litteraturkiosken via Mitt UiB og elles i form av bøker som har vore tinga inn på Akademika. Etter kvar undervisningsøkt har faglærarar lagt ut presentasjonar og anna i fillageret.

Faglærer si vurdering av rammevilkåra

Lokale og undervisningsutstyr: Undervisningsstadene har stort sett vore på Sydnesplassen 12 – 13 og førelesingane har ofte starta kl. 8.15. Det har stort sett gått greitt.

Faglærer sin kommentar til student-evalueringa(ne)

Metode/gjennomføring: Studentane som var på forelesing den siste undervisningsøkta, fekk utdelt eit evalueringsskjema på papir. Det kom då inn i alt 7 skjema. Etter praksisperioden har ein merka at studentane har hatt mykje å gjera, og det har vore ein del fråfall til undervisninga.

Det første spørsmålet gjekk på i kva grad dei er generelt nøgde med undervisninga i dette emnet. Her skulle studentane kryssa av på alternativa: Svært nøgd, nøgd, verken nøgd eller misnøgd og misnøgd. Svara fordeler seg langs heile skalaen. Noko av dette skuldast også at studentane ikkje alltid har kryssa klart og tydeleg frå berre ein stad. Ein student er t.d. både svært nøgd og misnøgd, ein annan er etter eige utsegn «nesten» nøgd, og ein student er nøgd med DIDANOR2, men ikkje med DIDANORAN2. Sidan studentane ikkje har fått

undervisning spesielt retta mot DIDANORAN2-pensumet, er det ei nokså forståeleg innvending.

Det vert vidare spurt om i kva grad dei er nøgde med den vekta dei ulike emna har fått i undervisninga. Her svarar 1 student at han er svært nøgd, 2 at dei er nøgde og tre at dei er verken nøgde eller misnøgde, men der to av dei likevel har understreka at dei er litt misnøgde med noko. Ein student har ikkje svara på spørsmålet.

Det interessante i ei slik evaluering er såleis den kvalitative utdjupinga der studentane gjer nærare greie for kva dei er nøgde og misnøgde med. Det studentane dreg fram som positivt, er:

- Evaluering av elevtekstar
- Litteraturredidaktikk
- Undervisning om nynorsk
- Munnlegheit og litterære samtalar
- Utprøving av undervisningsopplegg som dei sjølve kan bruka i klasserommet
- Gode forelesingar med gode diskusjonar med medstudentar
- Timar som inneheld noko konkret og matnyttig og lett kan relaterast til praksis

Det dei meiner kan forbehold:

- Meir praktisk, t.d. case-samtale/diskusjon i klasserommet, eks. «Du er lærar og har fått romantikken til tema. Kva vil du fokusera på?»
- Meir rom for diskusjon med medstudentar
- Mindre gjennomgang av pensum, meir korleis dette stoffet kjem til syne i praksis
- Fleire timar om skriftleg og vurdering
- Tydelegare undervisning som viser relevans, gjerne meir mot metode

Det kom også eit innspel som meir må sjåast i samanheng med organisering, for ein student vil at undervisninga skal bli ferdig med forelesingane tidlegare i semesteret og ikkje begynna så tidleg som kl. 8.15. Dessutan vert det kritisert at mappelinleveringsfristen vart endra etter at semesteret var begynt. Ein student skriv også at dei må få frist til å levera inn oppgåva si 1 – 2 veker etter praksis for å få laga eit betre utkast.

Når me spør dei om kva dei synest om kvaliteten på pensum, verkar studentane å vera nøgde med kvaliteten, og kanskje spesielt med den teoretiske biten av det. Dei framhevar også at det er variert, og at det er positivt at pensum stort sett er frå etter 2010 og dermed er oppdatert. Det vert etterlyst litt meir om undervisning på nynorsk. Eit par studentar dreg likevel også under pensum fram at dei saknar meir praktiske og konkrete tips. Seks av dei sju studentane seier at dei synest omfanget av pensum er passe. Den sjuande har kryssa av både på passe og for stort.

Til slutt kunne dei få skriva fritt om andre kommentarar til emnet. Då kjem det fram ein del varierte synspunkt:

- Misnøye med at det ikkje har vore noka undervisning på DIDANORAN2 og synest at nokon forelesingar kunne ha vore basert på deira pensum
- Hevdar at studentar vel vekk forelesingar der det stort sett berre er pensumgjennomgang

- Etterlyser konkrete verktøy til bruk i klasserommet, og at avstanden mellom teori og praksis er for stor – etterlyser små obligatoriske oppgaver gjennom semesteret som er basert på konkrete situasjonar ein møter i klasserommet i staden for mappeoppgåvene – synest at mappeoppgåvene tek for mykje kapasitet og fokuserer rundt ein veldig liten del av pensum – ønskjer heller skriftleg eksamen med relevans til kollokvieoppgåver.
- Misnøye med at oppgåvene kjem så seint i semesteret og liker ikkje at ein krev ei skriftleg mappe i forkant av munnleg
- Vil at meir av det ein foreles om skal testast ut på studentane, og at dei etterpå kan ha ein metasamtale om det
- Ber oss om å lytta til tilbakemeldingar frå studentane
- Sterkare samanknytning til praksis og det konkrete
- Ein student seier at norskdidaktikk-emnet har vorre det beste samanlikna både med det andre faget dei har og med ped.
- Synest av og til undervisninga vert tåkete og etterlyser meir fokus på sjølve undervisninga dei sjølve skal ut å driva med.

Oppsummering av innspel: Alt i alt ser det ut til at studentane evaluerer kurset slik midt på treet. Det er ingen alvorlege eller store ting som bør rettast opp. Det er likevel heile tida rom for justeringar og oppdatering både av pensum og av undervisninga som vert gjeven. Faglærarar gjer klokt i heile tida å ha i undermedvitet korleis dei ulike emna og teoriene kan relaterast og jobbast med i praksisfeltet.

Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:

Undervisningskabalen vert lagd av Psykologisk fakultet, og sidan dei har mange fagdidaktiske kurs å koordinera, må nokre undervisningsøktene bli fordelte i tidsrommet 08.15 – 16, dvs. også bli lagde til det som studentane kan oppleve som ugunstige tidspunkt, t.d. frå kl. 08.15 – 10. Det kan likevel gjerne vera ein fordel å få lagt flest moglege undervisningsøktar til tida før den lange praksisperioden. Både fordi ein då får diskutert fleire undervisningsemne før dei sjølve skal ut, men også fordi dei då får betre tid til å gjera unna arbeidskrav og eksamensførebuingar i tida etter praksis. Det er både fordelar og ulemper med å ha fleire forelesarar på same kurs. Fordelane er blant anna at det vert større variasjon, og at ulike forelesarar har ulik fagleg bakgrunn og såleis vektlegg ulike sider av faget forskjellig. Ulempene kan vera at det vert meir uoversiktleg for studentane, og at det kan verta vanskelegare for dei å sjå den raude tråden i studiet. Det sterkaste argumentet for er likevel at me prøver å setja saman eit kurs der både undervisarar med språkleg- og litterær- tilnærming til norskfaget er inne. Verken pensum eller undervisning må nokon sinne bli ei kvilepute. Me må sørgja for å halda oss oppdaterte på det som er aktuelt i faget både teoretisk og metodisk. Pensum vert difor regelmessig oppdatert. Komande studieår har me i tillegg til den faste staben også fått ei 20 % stilling av ein norsklærar frå ein ungdomsskule i kommunen. Dette vil vera ein viktig ressurs som me vil at både me og studentane skal få god nytte av, og som me vonar vil vera med å gjera koplinga mellom teori og praksis endå tydelegare for studentane.

Ragnhild Lie Anderson

-emneansvarleg

Emneevalueringssrapport KJEMDID220/-P (8.6.2018)

Emnet KJEMDID220/-P inngår i lektorprogrammet i 7. og 8. semester og i PPU for studenter som har kjemi som et av sine undervisningsfag. Emnet gikk for første gang høsten 2017 til våren 2018. Innholdet er basert på det tidligere emnet KJEMDID200, men har utvidet omfang (40 forelesningstimer) og inkludert nye tema. Emnet går parallelt med skolepraksis i begge semestrene (79 dager for IL, 60 dager for PPU). Som obligatoriske arbeidskrav måtte studentene presentere en pensumtekst i forelesningen, presentere hvordan elever jobber med oppgaver og beskrive en demonstrasjon som kan brukes til utforskning. Eksamensform var mappe med justerende muntlig eksamen. Mappen inneholdt fem ulike tekstsorster, og tekstene ble skrevet fordelt over hele året. Studentene fikk skriftlige tilbakemeldinger på alle utkast og kunne forbedre tekstene før endelig innlevering.

Det deltok 7 studenter fra IL og 6 fra PPU, og alle fullførte. Ved slutten av det første semesteret ble det gjennomført en mellomevaluering med et skjema som etterspurte vurderinger av ulike aspekt på en skala fra 1 til 7 og utdypende kommentarer (alle svarte). Ved slutten av det andre semesteret utfylte studentene et nytt evalueringsskjema (her svarte 9). En student ga en positiv tilbakemelding om emnet muntlig.

Studentevaluering

Studentene ble spurt om hvor fornøyd de var med emnet og hvor stort læringsutbytte de hadde i begge spørreskjema. Snittverdien for tilfredshet var 6,0 for begge tidspunkt, mens verdien for utbytte var 5,3 etter første semester og 5,8 etter andre semester. Det kan se ut som om opplevd utbytte gikk noe opp (noe som er i samsvar med at foreleseren synes at noen studenter viste en tydelig utvikling). Samtidig kan man ikke være sikker på det siden tre studenter ikke har svart. Hvis disse hadde lavere utbytte, ville sluttverdien være noe lavere.

Vurderingene på nytteverdien og måloppnåelse var gjennomgående høye (mellom 5,1 og 6,1 i snitt). Det ser ut som opplegget gir studentene inntrykk av å ha lært de viktigste kompetansene som er nevnt i emnebeskrivelsen.

Emnet ble vurdert som relevant og nyttig for praksis etter det første semesteret noe som ble bekreftet et halvt år senere. Studentene nevnte hyppig temaene praktisk arbeid, typer oppgaver, utforskende undervisning og prøver som direkte var knyttet til undervisningserfaringer. De trakk særlig frem at det å diskutere praktiske erfaringer i forelesningen var veldig nyttig, førte til nye og utvidete perspektiver på undervisningen og inspirerte til utprøvinger i praksis. Når studenter nevner forbedringsmuligheter etterspør de mer fokus på planlegging av konkret undervisning.

Noen studenter skrev at arbeidsmengden i emnet er stort sammenliknet med andre emner. Det er en del tekstproduksjon knyttet til obligatoriske oppgaver og særlig mappen, men den står i et rimelig forhold til emnestørrelsen etter foreleserens syn.

Det var stort sprik i tilbakemeldingene rundt informasjon gitt rundt emnet. Noen syntes at det var fint med all informasjon tilgjengelig fra starten av, noen savnet mer utfyllende informasjon om mappetekstene, noen ønsket seg en sentralisering av all informasjon, mens

noen ville ha det fordelt slik at det ikke ble så mye på en gang. Noen ønsket seg flere påminnelser om tidsfrister og innleveringer.

Foreleserens vurdering

Det ser ut som studentene er overveiende fornøyd med opplegget og at de opplever at de har et tydelig utbytte. Både tekstene som ble skrevet og ytringer i forelesningene indikerer at mange utvikler sine kompetanser (særlig i det andre semesteret). Studentene trekker frem at diskusjon av praksiserfaringer og konkrete eksempler fra undervisningen er viktig for å utvikle den didaktiske tenkningen og at de nye ideene inspirerer til anvendelse i praksis (men i mindre grad enn til refleksjon). Eksamenen som mappe ser ut til å være godt egnet til å støtte et kontinuerlig arbeid med emnet og fagdidaktisk fremgang. Samtidig er det her behov for noen justeringer. Jeg må sørge for at studentene jobber mer i det første semesteret og at den største teksten allerede blir bearbeidet i første semester. Dette gjelder særlig PPU-studentene som har praksis på videregående i dette semesteret. Her er det imidlertid noen begrensninger fordi studentene bør ha jobbet med noen tekster fra litteraturen og har hatt et innblikk i undervisning på skolen først.

Mulige tiltak

- For å begrense arbeidet med eksamenen ble det allerede gjort en endring i emnebeskrivelsen idet muntlig justerende eksamen ble fjernet.
- I tillegg kan omfanget til mappen reduseres noe (andre endringer må meldes inn oktober 2018).
- Meldinger og e-poster vil bli brukt enda hyppigere for å motivere studentene til en jevn arbeidsfordeling.

Evaluering MATDID220/MATDID220-P

Emnene **MATDID220** og **MATDID220-P** har de samme læringsmålene og har delvis samordnet undervisning som er delt i Del I, GeoGebra og Del II.

Del I:

Det ble gjennomført syv undervisningsøkter. Studentene gav evaluering i siste økt, etter gjennomføring av obligatorisk muntlig framføring relatert til undervisningsopplegg som ble gjennomført i praksis. Dette er noe av det som kom frem i evalueringen:

Positivt:

- Studentene evaluerer stort sett emnet til å ha god kvalitet.
- Nyttig faginnhold i forelesningene.
- Stoff blir lagt frem på forståelig måte.
- Bra at studenter blir inkludert i undervisningen.
- Kjekt med gruppepresentasjoner. God balanse i undervisningsformer.
- Bra at evalueringsform er muntlig framføring

Negativt:

- Dumt at det er få studenter
- Vanskelig å evaluere kurset siden det er så få økter.
- Burde ikke være separert fra Del 2.

GeoGebra:

Det ble gjennomført to hele dager med GeoGebra for MATDID220-P. Enkelte studenter fra MATDID220 deltok også da de ikke hadde gjennomført denne delen i høst. Studentene fikk anledning til skrive sin evaluering av de to GeoGebra-dagene i fritekst. Dette var noe av det som kom frem:

Positivt:

- Mange studenter evaluerer kurset totalt sett positivt
- Spennende, relevant og lærerikt
- Flott å kunne lage animasjoner
- Bra at CAS-delen var direkte rettet mot undervisning i vgs
- Opplevs som nyttig

Forbedringsmuligheter:

- Litt komplisert matematikk i enkelte eksempler
- Litt for fort frem noen ganger
- Lære litt om bruk av hurtigtaster
- Fordel om kurset kunne vært før praksis i videregående skole

- Noe om å føre og skrive ut CAS-oppgaver

Del II:

Emnet ble undervist over 11 økter. Studentene gav sin evaluering av emnet i en undervisningsøkt ca. midt i semesteret, og i siste økt. Evaluering ble gjennomført ved at studentene fikk anledning til å skrive ned sine kommentarer i fritekst. Dette er noe av det som kom frem:

Positivt:

- Mange fremhevet at de var tilfredse for å få gode tilbakemeldinger på emnets obligatoriske oppgave.
- Passe vanskelighetsgrad
- Flere fremhever aktiviteter/diskusjoner i undervisningsoppgavene som lærerike – bra med variert undervisning som også aktiviserer studentene.
- Oversiktlige forelesninger – gode PowerPoint
- Pensum og emnet oppleves som relevant
- Godt organisert – tydelig og ryddig informasjon
- Emnene har vært nyttige i praksis

Forbedringsmuligheter:

- Ujevn fordeling vår/høst i MATDID220 i forhold til studiepoeng
- Kunne undervisning i sannsynlighet vært tematisert?
- Litt stort pensum?
- Informasjon helt fra starten av hvordan den obligatoriske oppgaven skulle inngå i muntlig eksamen
- Tungt med forelesning 8:15 om morgenen
- Bruke mer av studentenes praksiserfaringer
- Ikke dele ut papir (med tanke på miljøet)

Eksamen:

Det ble gjennomført muntlig eksamen 25-31 mai.

Konklusjon

Undervisning og vurdering har vært gjennomført etter planen, og studentene har i stor grad uttrykt tilfredshet med emnet. Vi har fått noen forslag til forbedringer som vil bli tatt med i planleggingen av neste gjennomføring av kurset.

Evaluering av NATDID220/220P 2017/18

Emnene ble gjennomført for første gang etter innføringen av ny programplan for lektorutdanningen og ny rammeplan for PPU. Dette er et nytt emne rettet mot studenter som har undervisningsfaget naturfag i sin emnekombinasjon. Dette innebærer at både innhold og struktur er utviklet fra grunn av. Et hovedmål fra min side med det nye emnet er å vektlegge omfanget av studentaktiv undervisning.

Totalt var det 12 studenter som fulgte kurset, 3 fra lektorprogrammet og 9 fra PPU.

Min egen vurdering av undervisningen er i hovedsak positiv. Frammøtet fra studentene har vært godt, selv om det meste ikke har vært obligatorisk. Studentene har vært aktive og deltakende. Jeg ser at det er elementer i undervisningen som har et forbedringspotensial, mye har vært utprøvd for første gang, og erfaringer er høstet.

Siden emnet er nytt, var det viktig å få studentenes respons. Derfor utarbeidet jeg et elektronisk spørreskjema som studentene fikk mot slutten av undervisningen. Av 12 studenter, har 8 svart (2 lektor og 6 PPU). Svarene indikerer en overveiende positiv oppfatning fra studentene. På spørsmål om den generelle vurderingen av emnet, svarer 2 at den er svært god, 5 at den er god og 1 at den er dårlig. På spørsmål om læringsutbyttet av undervisningen, svarer 6 at de har hatt godt utbytte og 2 at de har hatt dårlig utbytte. I forhold til praksis svarer 4 at de opplever at undervisningen er svært relevant, mens 4 svarer litt relevant. Når en går inn på svarene fra enkeltstudenter, ser en at noen studenter gjennomgående gir en kritisk tilbakemelding, mens flertallet i hovedsak er positive. Studentene gir få kommentarer, men disse går på opplevelse av uklart pensum og overlapp med andre naturfagdidaktikkemner (NATDID212)

Ut fra egne erfaringer og tilbakemeldingen fra studentene, opplever jeg at undervisningen og organiseringen i hovedsak har fungert godt. Dette med overlapp er en utfordring fordi den kun gjelder noen studenter. Da er det krevende å lage innhold som ikke overlapper. Men vi skal se litt nærmere på dette. Resultatet i form av eksamen (muntlig) viste at studentene med noen unntak i høy grad oppfyller de mål som ble satt.

Bergen, 07.06.18

Tom Klepaker

Emneansvarlig

Studentevaluering av PPU-praksis høst 2018

Av studentene som var ute i praksis høsten 2018, som svarte på studentevalueringsskjemaet, er 55% tofagsstudenter og 45% ettfagsstudenter. Hovedvekten av studentene som svarte (31%) hadde historie. Storparten av studentene melder tilbake at de ble godt ivaretatt på skolen, og at de fikk god oppfølging med det praktiske der.

Studentene har gjennomgående gode tilbakemeldinger på samarbeidet med veilederne sine. Noen trekker frem litt varierende kvalitet på veiledningen hvis de hadde flere veiledere, men det store flertallet har positive tilbakemeldinger.

Tilbakemeldingene på praksisbesøkene fra UiB er svært varierende. Gjennomgående var studentene mer fornøyd med didaktikkbesøkene enn pedagogikkbesøkene, men det var også flere som trakk frem pedagogikkbesøkene som svært lærerike. Flere studenter påpekte at de ønsker noe lengre varsel før besøket, og at det ble satt av litt mer tid til samtale før og etter praksisbesøket. Tofagsstudentene var mer positivt i fritekstsvarene sine til nytteverdien til besøkene. Det kan se ut som om ettfagsstudentene opplevde at de hadde mindre utbytte av besøkene.

Studentene uttrykker generelt misnøye med at det har vært så mange PPU-studenter i år, og de problemene dette har ført til. Dette gjelder da spesielt at de fikk beskjed om praksisskole svært sent, at skolene ikke greide å håndtere studentmassen, og at noen fikk praksis i feilt skoleslag. Kommunikasjonen med UiB trekkes også frem som mangelfull. Da også kommunikasjonen rundt praksisbesøk som tidligere nevnt, når de skulle gjennomføres og hva som ble forventet av studentene.

Kommunikasjonen mellom skolen og UiB trekkes også frem som mangelfull. Det pekes på at noen skoler ikke var klar over at studentene skulle komme, og at noen veiledere ikke var innforstått med sin oppgave som veileder, og hva de kunne forvente av studentene.

Arbeidsmengden fordelt mellom arbeidskrav fra UiB og praksisarbeidet er et annet punkt som trekkes frem som gjennomgående negativt. Studentene ønsker at teori og praksis skal være nærere knyttet sammen, og at de skal få konsentrere seg om praksis når de er i praksis.

Forskjellen mellom tilbakemeldingene fra tofags- og ettfagsstudentene er minimale. De gir begge uttrykk for at høstens praksissituasjon har vært svært utfordrende, både med antall studenter i gruppe sammen, og det logistiske med tanke på reisetid og informasjon om praksisplass.

Det store flertallet er positiv til skolen, og følte seg godt ivaretatt der. Flere uttrykker også forståelse for at høstens situasjon har vært utfordrende for alle ledd, men at kvaliteten på deres praksis har lidd som følge av dette.